



Bakgrunn for vedtak

Skallelva kraftverk

Halsa kommune i Møre og Romsdal



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshaver	Skallelva kraft AS
Referanse	201101180-22
Dato	08.06.2015
Notatnummer	KSK-notat 61/2015
Ansvarleg	Øystein Grundt
Sakshandsamar	Silje Aakre Solheim

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Samandrag

Søknaden frå Skallelva Kraft AS gjeld løyve etter § 8 i vassressurslova til bygging av Skallelva kraftverki Halså kommune. Det er vidare søkt om løyve etter energilova til bygging og drift av Skalleva kraftverk.

Det skal etablerast inntak i Skallelva på kote 355. I tillegg er det søkt om å overføre vatn frå Mellomelva og Gammelseterbekken. Det vil her bli etablert enkle inntak på høvesvis kote 360 og kote 365. Den samla lengda på overføringsrøyrret vert ca. 600 m. Ved hovudinntaket i Skallelva vert det etablert ein 10 meter lang, 20 meter brei og tre meter høg dam av betong. Frå inntaket vil vassvegen gå i ei 1200 m lang røyrgate på nordsida av elva. Røyrkata vil krysse RV 65 på veg ned mot kraftstasjonen, og den vil krysse elva ein gong like ovanfor kraftstasjonen. Kraftstasjonen er planlagt plassert på sørsida av elva på kote 90. Skallelva kraftverk er planlagt med installert effekt på 1050 kW, noko som i følgje søkjar vil gje ein produksjon på ca. 2,9 GWh/år.

Det er planlagt anleggsveg langs røyrgetraseen opp til hovudinntaket i Skallelva. Det fins ein del eksisterande traktorvegar i området og dersom det blir funne fornuftig vil desse bli nytta med etablering av avstikkarar inn mot røyrkata. Det er også planlagt ein ny veg som tilkomst til kraftstasjonen. For tilknytning til nett er det planlagt 150 m jordkabel fram til næraste 22 kV-linje.

Halså kommune har ingen merknadar til at Skallelva Kraft AS får gjennomføre utbygging som omsøkt. **Fylkesmannen i Møre og Romsdal** har levert motsegn mot eit kraftverk med inntak ovanfor fossen. Dette er grunngjeve med at ei slik utbygging vil redusere den sjeldne naturtypen fossesprøytsone med fosseeng, som er den einaste registrerte i sitt slag på Nordmøre. Fylkesmannen kan elles tilrå ei utbygging med inntak i hovudelva nedstraums fossesprøytsona. **Møre og Romsdal fylkeskommune** uttalar at friluftinteressene i området er avgrensa og lokale. Det er heller ikkje registrert vesentlege kulturminneverdiar. Fylkeskommunen vil ikkje gå i mot at det vert gjeve konsesjon som omsøkt. **Naturvernforbundet i Møre og Romsdal** meiner øvre del av utbyggingsstrekninga har såpass store naturverdiar at eit ev. inntak må flyttast nedstraums avmerka fossesprøytlokalitet. For å oppretthalde ein nødvendig del av dynamikken i vassdraget bør ein unngå å gjennomføre dei planlagde overføringane. Inngrepa som omsøkt i øvre del av området er store samanlikna med den kraftmengda som kan produserast. **Istad Nett AS** har per i dag tilstrekkeleg kapasitet i dagens nett til innmating av kraft frå kraftverk i området som har fått konsesjon, og dei som no har søkt.

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje om lag 2,9 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er ein produksjon som er noko mindre enn vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. Dei to siste åra har NVE klarert om lag 1,9 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei konsesjonsgjevne tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og satsinga på fornybar energi.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til kraftverket må ikkje verknadane bryte med dei føringane som er gjeve i Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for utbygging av små kraftverk. Vidare må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

Etter NVE si vurdering vil den viktigaste negative konsekvensen av det omsøkte tiltaket vere fråføring av vatn frå Skallelva og fossesprøytsona spesielt. Det er ikkje registrert raudlista artar i naturtypen.

Det vil også vere utfordringar knytt til framføring av rørgate frå overføringsinntaka til hovudinntaket. NVE meiner at med tilstrekkeleg minstevassføring og skånsam anleggsdrift vil tiltaket kunne akseptertast.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Skallelva Kraft AS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Skallelva kraftverk med overføring av Gammelseterbekken og Mellomelva. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Fylkesmannen har motsegn til saka. Med mindre Fylkesmannen trekkjer motsegna innan klagefristen sitt utløp, vert saka sendt over til Olje- og energidepartementet for endeleg avgjerd.

Innhald

Samandrag.....	1
Søknad.....	3
Høyring og distriktsbehandling.....	6
NVEs vurdering.....	9
NVEs konklusjon	13
Forholdet til anna lovverk	14
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova.....	15
Vedlegg	17

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad frå Skallelva Kraft AS, datert 15.4.2013:

”Skallelva kraft AS ønsker å utnytte vannfallet Skallelva i Halså kommune i Møre og Romsdal fylke, og søker herved om følgende tillatelser:

I Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- *Å bygge Skallelva kraftverk.*
- *Å overføre vann frå Mellomelva og Gammelseterbekken til inntak i Skallelva.*

II Etter energiloven om tilatelse til:

- *Bygging og drift av Skallelva kraftverk, med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrevet i søknaden.*

Nødvendige opplysninger om tiltaket fremgår av vedlagte utredning.”

Skallelva kraftverk, endelig omsøkte hoveddata

TILSIG		Skallelva	Overføringer
Nedbørfelt	km ²	1,3	1,39
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	6,45	
Spesifikk avrenning	l/(s·km ²)	76	
Middelvassføring	l/s	100	100
Alminneleg lågvassføring	l/s	7	7
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	6	5
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	8	8
Restvassføring	l/s	100	
KRAFTVERK			
Inntak	moh.	355	365 og 360
Avløp	moh.	90	
Lengde på aktuell elvestrekning	m	3400	
Brutto fallhøgde	m	265	
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	0,606	
Slukeevne, maks	l/s	480	
Minste driftsvassføring	l/s	24	
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	7	7
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	7	7
Tilløpsrør, diameter	mm	450	400
Tilløpsrør/tunell, lengde	m	1200	600
Installert effekt, maks	MW	1050	
Brukstid	timar	2828	
PRODUKSJON			
Produksjon, årleg middel	GWh	1,78	1,1
ØKONOMI			
Utbyggingskostnad	mill.kr	8,2	



Skallelva kraftverk, elektriske anlegg

GENERATION		
Yting	MVA	1,14
Spinning	kV	0,69
TRANSFORMATOR		
Yting	MVA	1,15
Omsetning	kV/kV	0,69/22
NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)		
Lengde	m	150
Nominell spenning	kV	22
		Jordkabel

Skallelva kraft AS er eit selskap etablert av grunneigarane i desember 2008 med tanke på planlegging, bygging og drift av kraftverk i Skallelva. Eigardelane i kraftselskapet er berekna ut i frå fallrettane. Vidare har grunneigarane fordelt sine aksjar på personar som har vore med på å stifte selskapet.

Skallelva ligg i Halså kommune. Elva har sitt utspring delvis frå Bekkervatnet på kote 555. Elva renn nordvestover og endar opp i Rognskogvatnet på kote 74. Terrenget der den aktuelle elvestrekninga renn er vestvendt. Lia er skogkledd med delvis blandingsskog og nokre parti med planta gran. Det er fleire skogsvegar i området. Riksveg 65 kryssar Skallelva like oppstraums den planlagde kraftstasjonstomta. Elva renn i eit relativt jamt fall, men der er nokre større strykparti og fossar. Delvis renn elva i tydeleg bekkekløftformasjon. Det er mykje stor stein i elva. Innanfor influensområdet er det ikkje heilårsbustadar, men ikkje langt frå dei planlagde overføringane er det lagt ut hyttefelt og nokre hytter er allereie bygde.

Det er planlagt å overføre to mindre bekkar, Mellomelva og Gammelseterbekken til hovudinntaket i Skallelva. Inntaka ligg på høvesvis kote 360 og 365 i Mellomelva og Gammelseterbekken. Desse bekkane renn naturleg ned til Skallelva nedanfor planlagt hovudinntak. Vatnet vert ført i ein negdraven leidning med diameter 400 mm og lengde 600 m fram til hovudinntaket i Skallelva. Overføringane vil bidra med 1,1 GWh i årleg produksjon.

Hovudinntaket er tenkt plassert på kote 355 i Skallelva. Det vil bli etablert ein betongdam med lengde 10 m, breidde 20 m og høgde 3 m.

Røyrgate

Frå inntaket vil vassvegen gå i ei 1200 m lang nedgraven røyrgate på nordsida av elva. Innvendig diameter på røyrgata vil vere 450 mm. Det vil vere behov for noko sprenging for å få fram røyrgata. På synfaring blei det vist til at det kunne vere eit alternativ å krysse Skalleva med røyrgate like ovanfor riksvegen for å kunne plassere kraftstasjonen på andre sida av elva.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen er planlagt på kote 90, like nedanfor riksvegen. I søknaden er kraftstasjonen plassert på nordsida av elva, men på synfaring vart det også vist til at det kan vere ein moglegheit å legge denne på sørsida. Bygningen vil få ei grunnflate på om lag 50 m². Kraftverket vil få ein installert effekt på 1050 kW. Generatoren får ei yteevne på 1,14 MVA og spenning på 0,69 kV. Transformatoren skal ha ei yteevne på 1,15 MVA og med omsetning på 0,69 kV/22 kV.

Nettilknytning

Tilknytning til eksisterande 22 kV-linje er planlagt gjennom ein 150 m lang jordkabel. Svorka Energi har uttala at det er ledig kapasitet på deira nett for tilknytning av Skallelva kraftverk.

Veg

Det er planlagt anleggsvegg opp langs røyrgata. Dersom det viser seg fornuftig kan det vere aktuelt å nytte eksisterande traktorveggar med bygging av berre korte avstikkarar inn mot røyrgata. I hovudsak er det planlagt midlertidig veg, men det er ønske om å behalde ei 300 m utviding frå eksisterande traktorveg opp til inntaket, som permanent tilkomst til inntak.

Massetak og deponi

Det er i følge søknaden ikkje behov for massetak og deponi. Ved sprenging av røyrgate vil ev. overskotsmasse bli nytta i anleggsveg. Ev. tilkøyrte masse vert henta frå godkjent masseuttak/leverandør.

Arealbruk

Det er i følge søknaden eit arealbehov på 41 daa i anleggsperioden. 38 daa av desse vil bli permanent i form av areal til kraftstasjon, veg, jordkabel, inntak, overføring og røyrgate.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Det aktuelle arealet er avsett som LNF-område, sone A i Halså kommune sin kommuneplan. Dette er areal der det ikkje er tillate med ny eller vesentleg utviding av spreidd bustad-, nærings-, eller fritidsbusetnad. Forbodet gjeld ikkje stadbunden næring.

Samla plan (SP)

Skallelva er ikkje behandla i Samla plan.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje verna.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 26.9.2013 saman med representantar for tiltakshavar og Fylkesmannen.. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Halsa kommune

Halsa kommune ingen merknadar til at bygging av kraftverk blir gjennomført som planlagt.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen vurderer kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8 som oppfylt.

Fylkesmannen har gjeve motsegn til Skallelva kraftverk med eit inntak ovanfor fossen. Dette med bakgrunn i at utbygginga vil redusere den sjeldne naturtypen fossesprøytsone med fosseeng, som er den einaste registrerte i sitt slag på Nordmøre.

Fylkesmannen kan tilrå ei utbygging med inntak i hovudelva nedanfor fossen/fossesprøytsona. Dei meiner konsekvensane for landskap og friluftsliv vil vere relativt små etter avslutta anleggsarbeid.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeskommunen viser til at friluftinteressene i området er avgrensa og lokale. Det er heller ikkje registrert vesentlege kulturminneverdiar. Fylkeskommunen vil ikkje gå imot at det blir gitt konsesjon som omsøkt.

Fylkeskommunen kommenterer at premissen for hyttefeltet som blir omtalt å kunne få fordel av oppgradert veg, var at dette skulle vere utan biltilkomst. Fylkeskommunen hadde i samband med reguleringsplan for hyttefeltet innspel om at ei ev. utbetring/forlenging av skogsvegen burde utløyse reguleringskrav. Ein ev. veg vil vere det største inngrepet i området, og fylkeskommunen vil ikkje tilrå at vegen vert forlenga lenger inn i fjellet enn det som er nødvendig i samband med inntaket.

Istad Nett AS

Istad Nett AS informerer om nettsituasjon. Viser til at det er kapasitet til prosjekt som har fått og søkt konsesjon, men ikkje til alle aktuelle prosjekt i området. Ulike tiltak for oppgradering blir vurdert.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Naturvernforbundet meiner øvste del av Skallelva har så store naturverdiar at inntaket ved ei ev. utbygging må leggest nedstraums registrert fossesprøytsone. Gråor heggeskogen langs Skallelva bør avgrensast som naturtype (C). For å oppretthalde dynamikken i vassdraget gjennom gråor-heggeskogen, bør ein la vere å overføre sideelvane, og ein oppnår ved det også at bekkekløftene i

sidevassdraga har opphavleg vassføring. Inngrepa som er omsøkt i øvre del av området er elles store samanlikna med den kraftmengda som kan produserast.

Søklar sine kommentarar til høyringsuttalane

"Møre og Romsdal fylkeskommune

Vi viser til konsesjonssøknad kap 2.2.8 og kart som viser at eksisterende skogsvei i hovedsak skal benyttes. Dette vil ikke medføre oppgradering av veien som medfører estetiske endringer.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen kan tilrå ei utbygging med inntak i hovedelva nedenfor fossen/fosseprøytsona.

Dette er en problemstilling som også er vurdert i søknaden. Å flytte inntaket lenger ned svekker økonomien i prosjektet. Kraftproduksjon er svært avhengig av fallhøyde. Estetisk mener vi omsøkt plassering av inntaksdam er den beste plasseringen (som ligger best i terrenget).

Et evt. konsesjonsvilkår om å legge inntaksdammen nedenfor fossesprøytsona vil gi en svært kostbar og estetisk ugunstig (visuell eksponering) plassering av dam og inntak. Her vil bratt terreng gi stor fart på vannstrengen, med påfølgende praktiske problemer for vanninntaket. Denne inntakskoten vil også gi vesentlig større terrenginngrep for overføringer fra Mellomelva og Gammelseterbekken til inntak i Skallelva.

Fylkesmannen viser til at det er ingen kartlagte fosseenger i Naturbase i kommunene på Nordmøre. Vår kommentar er at heller ikke den aktuelle fosseenga var registrert i Naturdatabasen inntil vi foretok biologisk kartlegging av området sommeren 2009.

På side 29 i Biologisk Rapport står det følgende om registreringen av lokaliteten: "Sjøl om det er et grunt kløftelandskap som Skallelva renner i fra om lag kote 250 til 320 moh, så har vi likevel funnet det riktigst å definere denne lokaliteten som ei fossesprøytsone (E05) og ikke som ei bekkekløft (F09)".

Dette avsnittet avdekker en skjønnsmessig vurdering, som har landet på den definisjonen som skaper mest problem for søker. Dette virker noe tilfeldig, og konsekvensen er i verste fall for oss som utbygger at inntaksdam må flyttes, som igjen medfører redusert kraftproduksjon og økonomi.

Fossesprøytsonen er i Biologisk rapport beskrevet som middels viktig. Selve lokaliteten strekker seg fra kote 300 til kote 290 og er svært avgrenset i omfang. Dette fremgår av kart og bilde på s. 31 i Biologisk Rapport.

Dersom vi av den grunn må flytte inntaket fra kote 355 til 290 moh, eller kanskje enda lenger ned, er den økonomiske konsekvensen så stor at det kan ødelegge mye av økonomien i prosjektet.

Vi mener NVE må vurdere om fosseenglokaliteten blir forringet med det minikraftverket som er planlagt, og i det hele tatt om den er av så stor betydning (middels verdi og lite omfang) at foreslått inntaksdam skal flyttes. I konsesjonssøknaden er det beskrevet avbøtende tiltak (slipp av minstevannføring). Siden det ikke er planlagt regulering av vannet, vil vannføringen i elva variere normalt slik den alltid har gjort. Ved større nedbørsmengder vil ikke miljøet for fossesprøytsonen endres pga mye vann som renner/fosser forbi inntaket. Ved mindre nedbørsmengder vil slipp av minstevannføring være et avbøtende tiltak.

Vi viser også til Fylkesplan 2013-2016 for Møre og Romsdal der verdiskaping er ett av 4 satsingsområde, og i handlingsplan der det er et overordnet mål å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling og forvalte areal og naturressursene på en måte som gir grunnlag for næringsutvikling. Vi mener en nylig vedtatt fylkesplan med uttalelse om verdiskaping, blant annet innen landbruksbasert næringsutvikling og utnyttelse av areal- og naturressursene til å skape næringsutvikling også bør vektlegges.

Naturvernforbundet

Vår kommentar er at de elvene som det er søkt konsesjon på, er de mest grundig undersøkte elvene. Da blir det også litt feil å vise til at registrerte, kanskje enkelte spesielt artsrike funn, ikke er registrert i andre elver. Alle andre elver og bekker er ikke undersøkt like grundig og spesielle biologiske verdier er ikke registrert tilsvarende i Artsdatabasen.

Vi vil ellers vise til side 27 i biologisk rapport vedlagt konsesjonssøknaden:

"Konklusjon for moser og lav: Vi har fått undersøkt det meste av terrenget langs elvene og meiner å kunne fastslå at potensialet for sjeldne lav- og mosearter som er avhengig høy luftfuktighet er lite i heile influensaområdet for dette prosjektet".

Uttalelse fra Istad Nett og Halså kommune

Vi oppfatter uttalelsene fra Istad Nett og Halså kommune som positive.

Positive effekter ved prosjektet

For samfunnet oppnås det kraftproduksjon i område med behov og kapasitet for tilførsel av strøm. For de 5 gårdsbruka som er med på prosjektet, innebærer prosjektet en mulighet for tilleggsinntekt i mange år fremover. Sammen med andre faktorer bidrar tiltaket til bosetting og drift av gårdsbrukene."

NVEs vurdering

Hydrologiske verknader av utbygginga

Kraftverket nyttar eit nedbørfelt på 2,77 km² ved inntaket, og middelvassføringa er berekna til 200 l/s inkludert overføringar. Effektiv innsjøprosent er på 3,1 %. Avrenninga varierer frå år til år med dominerande vinter- og vårflaum. Lågaste vassføring opptreer gjerne om vinteren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 6 l/s og 8 l/s i Skallelva og 5 l/s og 8 l/s i dei to bekkane som er planlagt overført. Alminneleg lågvassføring for Skallelva ved inntaket er berekna til 7 l/s og også 7 l/s for Gammelseterbekken og Mellomelva. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 480 l/s og minste driftsvassføring 24 l/s. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring heile året på 7 l/s i Skallelva og det same i dei to andre bekkane til saman. I følgje søknaden vil dette medføre at 64 % av tilgjengeleg vassmengd vert nytta til kraftproduksjon

NVE har kontrollert det hydrologiske grunnlaget i søknaden. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkar sine berekningar. Alle berekningar på basis av andre målte vassdrag vil ved skalering til det aktuelle vassdraget vere hefta med feilkjelder. Dersom spesifikt normalavløp er berekna med bakgrunn i NVE sitt avrenningskart, vil vi påpeike at desse har ei usikkerheit på +/- 20 % og at usikkerheita aukar for små nedbørfelt.

Kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne tilsvarende 240 % av middelvassføringa, og foreslått minstevassføring er 7 l/s i Skallelva og det same i Gammelseterbekken og Mellomelva til saman. Restvassføring rett nedstraums inntaka vil vere prega av dette. Det meste av restvassføringa vil komme i flaumperiodar. Dei store flaumvassføringane vert i liten grad påverka av utbygginga. I følgje søknaden vil det vere overløp over dammen 52 dagar i eit middels vått år. I 73 dagar vil vassføringa vere lågare enn summen av minste driftsvassføring og minstevassføring, og difor for liten til at det kan produserast kraft. I slike tilfelle må kraftverket stoppe og heile tilsiget sleppast forbi inntaket. Tilsiget frå restfeltet vil i gjennomsnitt bidra med 100 l/s ved kraftstasjonen.

NVE meiner at den omsøkte maksimale slukeevna er høg og vil ta i frå vassdraget størsteparten av den naturlege vassføringsdynamikken.

Produksjon og kostnader

Med bakgrunn i hydrologiske data, som er lagt fram i søknaden, har søkar berekna gjennomsnittleg kraftproduksjon i Skallelva kraftverk til ca. 2,9 GWh fordelt på 1,1 GWh vinterproduksjon og 1,8 GWh sommarproduksjon. Byggekostnadane er estimert til 8,2 mill. kr. Dette gjev ein utbyggingspris på 2,9 kr/kWh. NVE har ut i frå vårt erfaringsgrunnlag berekna ein utbyggingspris på 4,5 kr/kWh/år og meiner difor at søkar er noko optimistisk i si framstilling. Det er likevel søkar sitt ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønnsmda i ei eventuell utbygging.

Naturmangfald

Terrestrisk miljø

Bioreg AS har gjennomført kartlegging av biologisk mangfald i samband med søknad om Skallelva kraftverk.

Granplantefelt og blåbærskog dominerer størstedelen av utbyggingsområdet. Opp til ca. kote 300-325 ber området preg av å vere eit drifta skogbruksområde med granfelt, hogstfelt og skogsvegar. Ovanfor

dette området finn ein blåbærskog med furu og bjørk i tresjiktet. Heilt øvst ved dei tre inntaka er skogen meir glissen og ein finn fattig fastmattemyr i mosaikk med blåbærskogen.

Langs sjøelve elvestrengen i Skallelva er floraen noko meir variert enn det som elles dominerer området. På begge sider av elva finn ein stort sett at det står att eit belte av naturskog. På eitt parti veks det gråor-heggskog langs elva. Bioreg har ikkje skilt ut denne som eigen naturtype. Frå kote 245 og opp til kote 320 renn Skallelva i ei nordvestvendt kløft. Bioreg har ikkje avgrensa denne som naturtypen bekkekløft. Grunngevinga for dette er at den ikkje er spesielt djup og at vegetasjonen ikkje verkar å vere prega av kløftelandskapet. Om lag ved kote 290-300 renn Skallelva i ein foss med svært artsrik moseflora samanlikna med det som er vanleg for små elver på Nordmøre. Denne er avgrensa som naturtypen fosseeng/fossesprøytsone og har fått verdi B.

Vegetasjonen langs Gammelseterbekken og Mellomelva tilsvarar om lag det som er skildra ovanfor langs Skallelva.

Etter synfaring i området er NVE usikre på om det burde vore avgrensa ein lokalitet med gråor-heggskog langs elva, slik Naturvernforbundet peikar på i sin uttale. Vi meiner også at deler av Skallelva kan kvalifisere til naturtypen bekkekløft. Utrekninga av lokalitetane er likevel relativt begrensa og det er ikkje registrert raudlisteartar anna enn alm (NT) i området. Bioreg vurderer potensialet for raudlisteartar til å vere lite. Det er antatt at fossefall kan hekke i både Skallelva og dei to mindre bekkane.

Fossesprøytsone er ein viktig naturtype etter DN-handbok 13. Denne er eit særtrekk for Noreg og har ein spesiell hydrologi som gjev stabile økologiske forhold. I fossesprøytsoner finns ofte artar som ein ikkje finn elles langs vassdraget (DN-handbok 13). Dette er ein naturtype som er direkte knytt til vassdraget. Den finns berre ved fossar med eit visst fall og med tilstrekkeleg kontinuerleg vassføring. Truslar mot naturtypen er først og fremst redusert vassføring. Fossesprøytsona i Skallelva inneheld ei fosseeng.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har levert motsegn til prosjektet som dei grunnjev ut i frå verdien til fossesprøytsona. Dei viser til at det er få kjende vassdrag i fylket som har fossesprøytsoner med godt utvikla fosseenger og stabil fossesprøyt. Fossesprøytsona er den einaste som er registrert i Naturbase for alle kommunane på Nordmøre. Fylkesmannen legg til grunn at fosseenga vil minke i omfang og at fleire av artane vil få redusert førekomst som følgje av ei utbygging. Fylkesmannen meiner ei utbygging nedanfor fossen kan ivareta naturverdiane i området. Også Naturvernforbundet viser i si uttale til at det er store naturverdiar i øvre delar av prosjektområdet. NVE merkar seg Fylkesmannen sin kommentar om at dette er den einaste registrerte fossesprøytsona på Nordmøre. Undersøking av biologisk mangfald i og langs vassdrag vert sjeldan gjennomført i andre vassdrag enn der det er planar om kraftutbygging. Ein har difor ikkje kjennskap til kva naturtypar som er representert i dei resterande vassdraga. Topografien på Nordmøre og resten av Møre og Romsdal tilseier at det mest truleg fins fleire fossesprøytsoner i dette området enn dei som er registrert i Naturbase.

NVE vil vise til OED sine retningslinjer for små vasskraftverk, der det står; *«tiltak som kommer i konflikt med ... , eller naturtyper Norge har et internasjonalt ansvar for ... kan ikke påregne å få konsesjon.»* Videre står det; *«Tiltak som kommer i konflikt med biologisk mangfold av stor og middels verdi for øvrig må påregne pålegg om avbøtende tiltak som reduserer konflikten, eks. i form av krav om minstevannføring og/eller andre miljøtilpasninger av prosjektene.»* Fossesprøytsona med verdi B, kjem innunder biologisk mangfald av middels verdi ifølgje OED sin rettleiar. Fossesprøytsoner er også ein naturtype som Noreg har eit internasjonalt ansvar for. NVE er einig med Fylkesmannen og

Naturvernforbundet i at fossesprøytsona vil bli negativt påverka av det planlagde tiltaket. Vegetasjonen som er karakteristisk for naturtypen fossesprøytsoner er heilt avhengig av den kontinuerlege fossesprøyten ein finn på slike stadar. Med Skallelva kraftverk i drift vil antal dagar med berre alminneleg lågvassføring i elva auke betrakteleg og arealet som vanlegvis er dekt av fossesprøyt vil bli vesentleg redusert. Ein vil sannsynlegvis kunne sjå ei tydeleg endring i artssamansetnaden der meir tørketolerante artar tek over for fuktkevjande artar. For å oppretthalde fossesprøytsona som ein naturtype av verdi meiner NVE at minstevassføringa i vekstsesongen må aukast utover kva det er søkt om. Vi ser samtidig at ei redusert utbygging som den Fylkesmannen foreslår truleg vil gjere prosjektet ulønnsamt. Det er ikkje registrert raudlista artar i fosseenga og potensialet for slike er også vurdert som lite. Med ei minstevassføring av ein viss storleik vil ein etter NVE si vurdering kunne bevare deler av fosseenga og artsmangfaldet som fins der.

Akvatisk miljø

Det vart etter krav frå NVE gjennomført undersøking av elva i forhold til fisk og elvemusling. Denne vart gjennomført av Rambøll Norge AS. Bakgrunnen for dette kravet var mellom anna registrering av elvemusling (VU) i elva nedstraums Rognskogvatnet.

Det er eit absolutt vandringshinder for anadrom fisk ca. på kote 70 (kraftstasjon på kote 90). Det er difor utelukka at det finns anadrom fisk på planlagd utbygd strekning. Det er ikkje funne glochidier av elvemusling på fiskelarvar fiska mellom Rognskogvatnet og planlagt kraftstasjonsplassering. Det var i følgje Rambøll heller ikkje teikn til levande skjell, eller tomme skal i området. NVE vurderer det ut i frå dette som lite truleg at Skallelva er leveområde for elvemusling.

I følgje Naturbase er det ål i Rognskogvatnet nedstraums planlagt kraftstasjon. Det er ikkje mogleg for ålen å vandre vidare opp til innsjø høgare oppe i vassdraget. Skallelva er generelt rasktrennande og difor lite eigna som leveområde for ål. Det vart heller ikkje funne ål under el-fisket som vart gjennomført av Rambøll. NVE vurderer ut i frå dette at Skallelva ikkje har verdi for den kritisk truga ålen.

Det er røye og aure i Rognskogvatnet nedstraums det planlagde kraftverket. I følgje grunneigar går desse opp i Skallelva for å gyte. Det er ikkje noko vandringshinder nedstraums planlagt kraftstasjon, så fisken kan i dag vandre forbi. Verken røya eller auren er av høg verdi, og gytemoglegheiter er truleg ivareteke av areal nedstraums det planlagde Skallelva kraftverk.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om Skallelva kraftverk legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, høyringsuttalar, samt NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort eigne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 18.2.2015. Etter NVEs vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til Skallelva kraftverk fins det ei fossesprøytsoner med verdi B, alm (NT) og fossefall. Ei eventuell utbygging av Skallelva vil etter NVE si meining vere i noko konflikt med

forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

NVE har også sett påverknaden frå Skallelva kraftverk i samanheng med anna påverknad på naturtypeane, artane og økosystemet. Det er bygd og planlagt ei rekkje småkraftverk i nærområdet til Skallelva kraftverk. Hennaelva kraftverk og Indreitselva minikraftverk ligg nærast. Det er ikkje andre kjende fossesprøytsoner på Nordmøre, men topografien tilseier at der mest truleg finns fleire. Skallelva kraftverk vil ha negativ påverknad på naturtypen fossesprøytzone. Fossesprøytsona er av avgrensa storleik, og NVE vurderer verknadane til ikkje å gå utover influensområdet. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastning vurderast til ikkje å være så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast særleg.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Landskap/friluftsliv/brukarinteresser

Tiltaksområdet ligg i Halså kommune i Møre og Romsdal. Skallelva og dei to bekkane som er planlagt overført renn nordvestover mot Rognskogvatnet. Skallelva kryssar Fv 65 like ovanfor planlagt kraftstasjonsplassering. Det er ikkje busetnad tett på området, men det er planlagt eit hyttefelt eit stykke ovanfor planlagt inntak og overføringsinntak. Skallelva inneheld nokre fine landskapselement i form av mindre fossefall, strykparti og kløftformasjon. Ved fråføring av vatn vil desse elementa naturleg nok misse ein del av sine karaktertrekk. Skallelva og dei to bekkane som skal overførast er lite synleg i landskapsrommet. Skallelva ligg stort sett nedskore i landskapet og det er ingen stiar eller vegar knytt til elva. Der elva kryssar fylkesvegen kan ein få eit kort glimt av elva når ein køyrer forbi. Røyrsgata frå hovudinntaket og ned til kraftstasjonen vil i stor grad gå gjennom eit område som er prega av skogsdrift med vegar og granplantefelt. Der røyrsgata går nærast elva vil noko naturskog bli påverka. Elva er ikkje synleg frå sti eller traktorveg.

Øvre delar av tiltaksområdet er meir ope enn lenger nede og vegetasjonen går over frå tett skog til myr med meir spreidd skogdanning. Overføringsleidingane frå Gammelseterbekken og Mellombekken vil gå gjennom dette relativt grunnlendte området. I parti vil her ut ifrå dei naturlege terrengformasjonane også vere motfall. Her vil det slik NVE ser det vere behov for ein del sprenging for å få ned røyrleidingen. Skal ein hindre motfall må leidingen tidvis sprengast veldig langt ned. Dette vil kunne gje store sår i landskapet og det er ikkje utruleg at dette er inngrep som vil kunne vere synlege nede i frå fjorden.

Området ber ikkje preg av å vere mykje nytta til friluftsliv og elva er ikkje eit viktig element i landskapet før ein kjem heilt nær den. Legging av røyrleiding spesielt frå overføringsinntaka til hovudinntak bør viast særskilt merksemd i detaljplanlegginga. Med god planlegging og skånsamt anleggsarbeid meiner NVE at ein kan avbøte tilstrekkeleg til at dei ulempene ei røyrgate vil medføre for landskapet kan akseptast med tanke på låg brukarinteresse i området.

Kulturminne

Det er ikkje registrert kulturminne i området og fylkeskommunen har heller ikkje kjennskap til vesentlege kulturminne i området.

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

NVE er ikkje kjent med at Skallelva eller dei planlagt overførte bekkane er nytta som drikkevasskjelde.

Konsekvensar av kraftlinjer

Det er planlagt å kople kraftverket til eksisterande 22 kV-linje med ein 150 m lang jordkabel. NVE vurderer ikkje linjetilknyttinga til å ha negative konsekvensar for allmenne eller private interesser.

Samfunnsmessige fordelar

Ei eventuell utbygging av Skallelva kraftverk vil gje ca. 2,9 GWh i eit gjennomsnittså. Dette er ein produksjon som er noko mindre enn vanleg for eit småkraftverk. Denne produksjonen vil kunne gje fornybar energi til knapt 150 husstandar. Småkraftverk utgjer eit viktig bidrag i den politiske satsinga på fornybar energi. Det omsøkte tiltaket vil gje inntekter til søkjar og grunneigarar og generere skatteinntekter. Vidare vil Skallelva kraftverk styrke næringsgrunnlaget i området og vil dermed kunne bidra til å oppretthalde lokal busetnad.

Oppsummering

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje om lag 2,9 GWh/år i fornybar energiproduksjon. Dette er ein produksjon som er noko mindre enn vanleg for eit småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentleg bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare åra. Dei to siste åra har NVE klarert om lag 1,9 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei konsesjonsgjevne tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og satsinga på fornybar energi.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til kraftverket må ikkje verknadane bryte med dei føringane som er gjeve i Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for utbygging av små kraftverk. Vidare må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

Etter NVE si vurdering vil den viktigaste negative konsekvensen av det omsøkte tiltaket vere fråføring av vatn frå Skallelva og fossesprøytsona spesielt. Det er ikkje registrert raudlista artar i naturtypen. Det vil også vere utfordringar knytt til framføring av røyrgate frå overføringsinntaka til hovudinntaket. NVE meiner at med tilstrekkeleg minstevassføring og skånsam anleggsdrift vil tiltaket kunne akseptast.

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Skallelva Kraft AS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Skallelva kraftverk med overføring av Gammelseterbekken og Mellomelva. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til energilova

Skallelva Kraft AS har framlagt planar om installasjon av elektrisk høgspontanlegg som inneber 150 m 22 kV jordkabel til eksisterande linjenett.

Verknadane av linjetilknyttinga inngår i NVE si heilskaplege vurdering av planane, og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket.

Svorka Energi AS er områdekonsesjonær og skal ifølgje søknaden stå for bygging og drift av anlegget. Vi finn det ikkje nødvendig med ein eigen anleggskonsesjon etter energilova for høgspenntilknytting til 22 kV nett. Nødvendige høgspontanlegg, inkludert transformering, kan byggast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon.

Dersom Skallelva Kraft AS ønskjer eigen anleggskonsesjon, må det sendast inn søknad om dette når eksakt storleik på elektriske installasjonar er klar. NVE kan då meddele eigen anleggskonsesjon for kraftverket.

Svorka Energi AS har som netteigar og områdekonsesjonær kommentert linjetilknyttinga og påpeikt at ei tilknytting til deira nett føreset utførsel og tilknytingsvilkår i samsvar med Svorka Energi AS sine til ei kvar tid gjeldande retningslinjer. Det er i følgje Svorka energi AS, per 24.1.2011 kapasitet frå transformator og vidare i nettet.

NVE har ikkje gjort ei grundig vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknytting er på plass før byggestart. NVE vil ikkje behandle detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengelig kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklara. Slik dokumentasjon må føreligge samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jamfør konsesjonsvilkåra post 4.

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskriften) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med inngrepet i form av fornybar energiproduksjon ikkje med rimelegheit kan oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan

gjennomførast og kostnadar er vurdert. **Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova**

Post 1: Slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

		Skallelva	Overføringar
Middelvassføring	l/s	100	100
Alminneleg lågvassføring	l/s	7	3+4
5-persentil sommar	l/s	6	5
5-persentil vinter	l/s	8	8
Største slukeevne	l/s	480	
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	240	
Minste driftsvassføring	l/s	24	

Det er i søknaden planlagt å sleppe minstevassføring lik alminneleg lågvassføring på 7 l/s i Skallelva, 3 l/s i Mellomelva og 4 l/s i Gammelseterbekken heile året. Bioreg AS som gjennomførte kartlegging av biologisk mangfald anbefaler å auke minstevassføringa til 10-persentilen i Skallelva for å kunne ta vare på fossesprøytsone i elva. Søkar skriv at dette vil gje ein reduksjon i produksjon på 0,16 GWh. Det er ikkje oppgitt i verken, søknad, hydrologirapport eller miljørapport kva storleik det er på 10-persentilen. Heller ikkje om produksjonstapet på 0,16 GWh tek utgangspunkt i eit slikt slepp heile året eller berre om sommaren. Det er lagt ved varighetskurve i den hydrologiske rapporten, men det er vanskeleg å lese nøyaktige verdiar ut i frå denne.

NVE er einige med Bioreg AS i at det er nødvendig med ei høgare minstevassføring i Skallelva for å kunne oppretthalde fosseenga med sin artsdiversitet. For fosseenga er det spesielt i vekstsesongen til mosar og andre planter det er avgjerande med nok vatn. Ut i frå dette meiner NVE det er riktig med ei differensiert minstevassføring gjennom året i Skallelva. Gammelseterbekken og Mellomelva har mindre verdi for naturmangfald enn Skallelva, og det er difor ikkje det same behovet for å sleppe minstevassføring i desse bekkane.

Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring i Skallelva på 30 l/s i tida 1.5 – 30.9 og 10 l/s resten av året. I Gammelseterbekken og Mellomelva vert det ikkje stilt krav om å slepp av minstevassføring. I forhold til søknaden vil dette gje ein reduksjon i produksjonen på om lag 0,08 GWh basert på oppgitt energiekvivalent. Etter NVE si vurdering vil ikkje dette vere avgjerande for økonomien i prosjektet.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggst fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Dersom tilsiget er mindre enn minstevassføringskravet, skal heile tilsiget sleppast forbi.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for allmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

NVE presiserer at start-/stoppkøyring av kraftverket ikkje skal skje. Kraftverket skal køyrast jamt. Inntaksbassenget skal ikkje nyttast til å oppnå auka driftstid, og det skal berre vere små variasjonar i vasstand knytt til opp- og nedkøyring av kraftverket. Dette er primært av omsyn til naturens mangfald og mogleg erosjonsfare.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal leggst fram for NVE sitt regionkontor i Trondheim og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak fatta. Konsekvensklassen er bestemmende for dei krav til sikkerheit som stillast til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnader:

Val av alternativ	Hovudalternativet i søknaden, men sjå kommentar til vassveg og kraftstasjon.
Inntak	Hovudinntaket i Skallelva skal i følge søknaden vere på kote 355. Bekkeinntak i høvesvis Gammelseterbekkern og Mellomelva skal ligge på ca. kote 365 og kote 360. Inntaksdammen skal plasserast i tråd med det som er oppgitt av søkjar, men nøyaktig plassering kan justerast ved detaljplan. Teknisk løysning for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE.
Vassveg og kraftstasjon	Røygata skal, som beskrive i søknaden gravast ned på nordsida av elva. Det er to alternativ for plassering av kraftstasjon. Den eine inneber ei kryssing av elva med røygata like ovanfor riksvegen. Dette kan avklarast gjennom detaljplan.
Overføringar	I følge søknad skal det etablerast inntak i Gammeseterbekken på ca. kote 365 og i Mellomelva på ca. kote 360. Overføringsleidningane skal gravast ned heile vegen fram til hovudinntak i Skallelva.
Største slukeevne	Søknaden oppgir 480 l/s. Denne kan ikkje aukast grunna nødvendig overløp.

Minste driftsvassføring	Søknaden oppgir 24 l/s
Tal turbinar/turbintype	Søknaden oppgir éin peltonturbin med installert effekt på 1050 kW. Turbintype og tal turbinar kan justerast ved detaljplan.
Veg	Det er planlagt anleggsveg langs røyrkata. Dersom det viser seg fornuftig kan ein nytte eksisterande tratorvegar og etablere korte avstikkarar inn mot røyrkata. I hovudsak skal vegen vere midlertidig, men det er aktuelt å behalde ei 300 m lang utviding av eksisterande traktorveg som permanent tilkomst til inntak.
Avbøtande tiltak	Det er anbefalt å sette opp hekkedassar for fossefall i Skallelva, gjerne i tilknytning til utløp frå kraftstasjonen.

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon og/eller planar godkjent av NVE, inkludert også planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Vedlegg

Kart over utbyggingsområdet

